



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtedato: 09.04.2013
Møtetid: 14:00 - 17:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 4, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Kirsten Lægland	Ingen

Andre som var til stades på møtet:

Kultursjef Arnved Soldal Lund i sak 4/13 – han fungerte også som sekretær for heile møtet då fast sekretær for utvalet måtte melda sjukdomsforfall.

Merknader:

Møtet vart utsett ein time og byrja kl. 14.00 ikkje kl. 13.00 som det stod i innkallinga

Orienteringar/meldingar:	
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	

Utvalet sitt kvarter:

- **Solveig Sjursen** stilte spørsmål om handsaming av tilskot til kommunen gjennom ordninga med Den kulturelle spaserstokken. Det kom fram at eldrerådet ynskjer å vera meir deltakande i prosessen kring dette.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 17.06.2020

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/13	13/173	Faste saker	
004/13	13/115	Oppgåver, etablering og økonomiske konsekversar for ein frivilligsentral i Samnanger	
005/13	10/279	Samhandlingsreforma - uttale frå eldrerådet til Hordaland fylkeskommune	
006/13	10/136	Områdeplan for Bjørkheimsområdet 2.gongs høyring - uttale frå eldrerådet	

SAKNR. 003/13
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

09.04.2013 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ELD-003/13 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 004/13

OPPGÅVER, ETABLERING OG ØKONOMISKE KONSEKVERSAR FOR EIN FRIVILLIGSENTRAL I SAMNANGER

Saka vart lagt fram utan tilråding

09.04.2013 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Fellesframlegg:

”Saka vert sendt ut på høyring til lag og organisasjonar i Samnanger og lyst ut i Samningen.

Høyringsinstansane vert særskilt bedne om å kommentera desse spørsmåla:

Er det interesse for å skipa frivilligsentral i Samnanger?

Er oppgåvene som er lista opp i saksutgreinga saker som ein frivilligsentral bør arbeida med?

Bør det leggjast andre oppgåver til ein frivilligsentral?

Vil eller kan dykkar lag gjera ein innsats gjennom ein frivilligsentral?

Har de andre synspunkt og moment de meiner bør vera med?

Frist for å svara vert sett til 21. mai og alle interesserte vert oppmoda om å koma med innspel. Eldrerådet handsamar saka med innkomne merknader i sitt neste møte. Dette møtet vert utsett slik at saka kan førebuast.”

Framlegget vart samrøystes vedteke

ELD-004/13 VEDTAK:

Saka vert sendt ut på høyring til lag og organisasjonar i Samnanger og lyst ut i Samningen.

Høyringsinstansane vert særskilt bedne om å kommentera desse spørsmåla:

Er det interesse for å skipa frivilligsentral i Samnanger?

Er oppgåvene som er lista opp i saksutgreiinga saker som ein frivilligsentral bør arbeida med?
Bør det leggjast andre oppgåver til ein frivilligsentral?
Vil eller kan dykkar lag gjera ein innsats gjennom ein frivilligsentral?
Har de andre synspunkt og moment de meiner bør vera med?

Frist for å svara vert sett til 21. mai og alle interesserte vert oppmoda om å koma med innspel. Eldrerådet handsamar saka med innkomne merknader i sitt neste møte. Dette møtet vert utsett slik at saka kan førebuast.

SAKNR. 005/13

SAMHANDLINGSREFORMA - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

09.04.2013 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Fellesframlegg:

”Pleie- og omsorgssektoren i Samnanger førebudde seg godt til innføringa av samhandlingsreforma, og m.a. takka vera dyktig personale og god organisering har det ikkje skjedd uheldige hendingar som eldrerådet kjenner til. Det er likevel slik at fordi Samnanger ikkje har legevakt i kommunen på kvelds- og nattestid og i helgane, aukar presset på pleiepersonellet. Det er difor viktig å ha fokus både på kompetanseutvikling og at det er nok pleiepersonell til å ta seg av dei nye oppgåvene. Eldrerådet vil oppmoda kommunen til å arbeida aktivt for ei betre legevaktordning.

Korttidsopphald har auka mykje med innføring av reforma, og dette er utfordrande og arbeidskrevjande for dei tilsette.

Kommunen opplever og at kommunikasjonen med sjukehusa ikkje alltid er god nok i samband med utskrivingsklare pasientar. He må sjukehusstilsette skjerpa seg og følgja rutineane som er skildra i avtale mellom kommune og sjukehus. Det same gjeld og i høve til at kommunen opplever å få rekning på liggjedøgn som me meiner er feil. Her bør det vera ein klageinstans som kan avgjera tvistar når kommunen meiner seg feilfakturet.

Medisinsk og pleiefagleg meiner eldrerådet at pleie- og omsorgsavdelinga i Samnanger i det store og heile har oppfylt forventningane me hadde til samhandlingsreforma.”

Framlegget vart samrøystes vedteke

ELD-005/13 VEDTAK:

Pleie- og omsorgssektoren i Samnanger førebudde seg godt til innføringa av samhandlingsreforma, og m.a. takka vera dyktig personale og god organisering har det ikkje skjedd uheldige hendingar som eldrerådet kjenner til. Det er likevel slik at fordi Samnanger ikkje har legevakt i kommunen på kvelds- og nattestid og i helgane, aukar presset på pleiepersonellet. Det er difor viktig å ha fokus både på kompetanseutvikling og at det er nok pleiepersonell til å ta seg av dei nye oppgåvene. Eldrerådet vil oppmoda kommunen til å arbeida aktivt for ei betre legevaktordning.

Korttidsopphald har auka mykje med innføring av reforma, og dette er utfordrande og arbeidskrevjande for dei tilsette.

Kommunen opplever og at kommunikasjonen med sjukehusa ikkje alltid er god nok i samband med utskrivingsklare pasientar. He må sjukehusstilsette skjerpa seg og følgja rutineane som er skildra i avtale mellom kommune og sjukehus. Det same gjeld og i høve til at

kommunen opplever å få rekning på liggjedøgn som me meiner er feil. Her bør det vera ein klageinstans som kan avgjera tvistar når kommunen meiner seg feilfakturet. Medisinsk og pleiefagleg meiner eldrerådet at pleie- og omsorgsavdelinga i Samnanger i det store og heile har oppfylt forventningane me hadde til samhandlingsreforma.

SAKNR. 006/13

OMRÅDEPLAN FOR BJØRKHEIMSOMRÅDET 2.GONGS HØYRING - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

09.04.2013 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Fellesframlegg:

”Eldrerådet handsama denne saka i sak 2/12. Uttalen som rådet vedtok då, vert ståande som eldrerådet sin uttale til høyringa.”

ELD-006/13 VEDTAK:

Eldrerådet handsama denne saka i sak 2/12. Uttalen som rådet vedtok då, vert ståande som eldrerådet sin uttale til høyringa.

